
Saknr: 2020/1777-3
Saksbehandlar: Hallvard Trohaug

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		17.03.2020

Tildeling av tilskot frå statsbudsjettet 2020. kap. 1429 post 79 - Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering løyver tilskot frå statsbudsjettet 2020 kap. 1429 post 79, tilskot til verdsarven, samt tilbaketrekte tilskotsmidlar frå 2017 og 2018 samt rentemiddlar for 2019, til fylgjande prosjekt:

	Søkjjar	Objekt /prosjektnamn	Tildeling 2020	Førehands- løyving 2021
1	Nærøyfjorden Verdsarvpark	Parkforvaltar kulturminne og formidling	300 000	
2	Svein Tufte	Kløvastova på Bakka	150 000	
3	Bakka grendalag	Reparasjon av murar - Rimstigen buføresti	83 000	
4	Edvin Flåm	Reparasjon av murar - Hovdungo stølsveg	83 000	
5	Bakka grendalag	Rydding - Rimstigen buføresti	26 000	
6	Nils Hjellum	Stokko - høyløe	117 000	
7	Siv Beate Bakke	Sagentunet - driftsbygningen	2 071 000	500 000
8	Ottar Stegen	Øvste Stegen - løe	1 000 000	
9	Charles Dee Cunningham	Snauasete - stølshus	199 000	
10	Siv Lisbeth Tønder	Hjølmo - sel	121 000	

2. Om nokre av tiltaka ikkje let seg gjennomføre i tråd med føresetnadene for tildelinga, gjev hovudutval for kultur, idrett og integrering fylkesdirektøren høve til å fordele om midlane til andre tiltak på same kulturminne eller til andre av dei dei tiltaka som har fått tilskot, jf. pkt. 1 over.
3. Fylkesdirektøren sett nærare vilkår for bruken av tilskota.

Samandrag

Kvart år har eigarar av kulturminne i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden, høve til å søkje fylkeskommunen om tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 79, tilskot til verdsarven. For 2020 fekk fylkeskommunen søknadar til ti prosjekt med ei total søknadsramme på kr 6 238 575,-

Vestland fylkeskommune har for 2020 fått tildelt kr 3 500 000,- i tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 79, jf. vedlegg 1. I tillegg fekk fylkeskommunen kr 500 000,- i førehandsløyving for 2021. Vidare har fylkeskommunen kr 615 700,- i tilbaketrekte midlar løyvd i 2017 og 2018, samt rentemidlar frå 2019 på kr 34 300,-. Det gjev ein samla sum på kr 4 650 000,- til fordeling.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

David J. Sandved
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune har for 2020 fått tildelt til saman kr. 3 500 000 frå *Bevaringsprogram for verdsarv* til ulike prosjekt i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden. Bevaringsprogrammet skal utvikle dei åtte norske verdsarvområda som fyrtårn for den beste praksisen innan natur- og kulturforvaltning og formelt vern, i tråd med forpliktingane i UNESCO si verdsarvkonvensjon og dei internasjonale retningslinene frå UNESCO.

Tilskot frå post 79 går til private eigarar og forvaltarar av verdsarvstadar i Noreg. Tre av dei åtte ligg i Vestland fylkeskommune, Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden, Bryggen i Bergen og Urnes stavkyrkje. Fylkeskommunen handsamar søknadar for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden og Bryggen i Bergen (eiga sak), mens søknadar om støtte frå post 79 til Urnes stavkyrkje vert handsama direkte av Riksantikvaren.

For 2020 fekk Vestland fylkeskommune inn søknad om tilskot til ti ulike prosjekt i Nærøyfjorden med ein samla søknadssum på kr 6 238 575,-. Desse søknadane danna grunnlaget for fylkeskommunen sin søknad om tilskot frå post 79 for 2020.

I brev av 28.02.2020 gjorde Riksantikvaren følgjande vedtak om midlar frå post 79:

Vedtak om tilskot

Riksantikvaren gir kr 3 500 000, - til Vestland fylkeskommune frå post 79 for tiltak i verdsarven Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden.

Vedtak om tilsegn

Riksantikvaren gir tilsegn på kr 500 000, - for 2021 til Vestland fylkeskommune frå post 79 for tiltak i verdsarven Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden.

Riksantikvaren viser til følgjande hovudføremål med tilskotsordninga:

Hovudføremålet for kulturminneforvaltninga er å hindre tap av kulturminne og kulturmiljø. Ein skal og taka vare på kulturminna som bruksressursar og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Midlane under post 79 er knytte til nasjonalt mål om at områda på Unescos verdsarvliste skal forvaltast i tråd med forpliktingane i Unescos verdsarvkonvensjon og retningslinene for oppfølginga av konvensjonen.

Vestnorsk fjordlandskap er innskrevet som eit reint naturområde, men der opplevinga av menneskjas liv og virke i området er ei vesentleg tilleggsverdi. Å ta vare på vitnemål om dette er i tråd med forpliktingane som fylgjer av statusen som verdsarv.

Fordeling av tilbaketrekte midlar

Sogn og Fjordane fylkeskommune trekte i 2019 tilbake delar av tildeling frå to prosjekt; Hanseløa og restaureringsplan for Sagentunet. Begge prosjekta vart rimelegare enn budsjettert med i søknaden, noko som førte til reduksjon i utbetalte midlar.

Vedtakskompetanse

Jamfør delegasjonsreglementet pkt. 3 har hovudutval for kultur, idrett og integrering mynde til å fatte vedtak om fordeling av statlege tilskot til tiltak i Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden.

Vurderingar og verknader

Disponible midlar

Tildeling frå Riksantikvaren for 2020	3 500 000
Førehandsløyve frå Riksantikvaren 2021	500 000
Tilbaketrekte midlar frå 2017 som vert omdisponert	210 000
Tilbaketrekte midlar frå 2018 som vert omdisponert	405 700
Rentemidlar 2019	34 300

Søknadar 2020

Tal søknadar	10
Tal på søknadar som er tilrådd støtte	10
Søknadssum 2020 frå eigarar	6 238 575
Søknadssum 2020 frå FK til Riksantikvaren	6 238 575

Økonomi: Saka gjeld fordeling av statlege midlar og har ikkje innverknad på avdelinga sine budsjett ut over lønns- og driftsmidlar knytt til sakshandsaming og oppfølging av prosjekta.

Klima: Istandsetting av bygningsarven vår er eit godt klimatiltak, med bakgrunn i at nybygg krev mykje resursar og energi, mens bruk av eksisterande bygningar vil krevje mindre resursar enn å bygge nytt. Ved å kunne nytte eksisterande bygningar i eit langt perspektiv vil ein kunne redusere trongen for nybygg og med det redusere klimaavtrykket til bygningsmassen.

For meir informasjon om kulturminne og klima syner vi til [Informasjon om Riksantikvarens arbeid med bymiljø, klima og energisparing](#).

Folkehelse: Tre av prosjekta gjeld istandsetting av historiske stiar, Rimstigen buføresti og Hovdungo stølsveg, som begge er nytta som turveg. Tildeling av midlar til desse istandsettingsprosjekta vil difor òg vere positivt sett frå eit folkehelseperspektiv.

Regional planstrategi: Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål.

Målgruppe og nasjonale mål

Målgruppe og dei nasjonale måla er nedfelt i Miljø- og energidepartementet sitt rundskriv T-1/19 *Tilskotsordningar for 2020* som omfattar områda naturforvaltning, friluftsliv, forureining, kulturminne, klima m.m.

Hovudføremålet for kulturminneforvaltninga er at eit mangfald av kulturminne, kulturmiljø og landskap skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk.

Tilskotsordninga er knytt til Bevaringsprogrammet for verdsarven. Målgruppa er områda i Noreg som er innskrivne eller under nominasjon til UNESCO sin verdsarvliste. Noreg har per i dag åtte verdsarvområde. Målet med ordninga er å forvalte stadene på verdsarvlista i tråd med forpliktingane i UNESCO sin verdsarvkonvensjon og dei internasjonale retningslinene for implementeringa av konvensjonen og andre gjeldande internasjonale dokument for bevaring av dei framifrå, universelle verdiane (OUV) frå UNESCO.

Tilskot blir gitt til eigarar og forvaltarar på stader i Noreg som står på UNESCO sin verdsarvliste. Dette er for tida åtte stader. Tilskot blir gitt til prosjekt for sikring, istandsetjing, overvaking og andre naudsynte tiltak for kulturminne, kulturmiljø og landskap i verdsarvområde.

Generelle føresetnader og kriterium for tildeling

Dei innkomne søknadane er vurdert i høve til Riksantikvarens sine retningslinjer og for bygningar er dei i tillegg vurdert i høve til prioriteringane gjort i gjeldande *Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde - Nærøyfjorden*.

Eit hovudprinsipp ved antikvarisk arbeid er å ta vare på mest mogleg av originalt/eldre material. Bygningsdelar som må skiftast skal erstattast med delar av tilsvarande materiale med tilsvarande handverksmessig utforming, så langt det let seg gjere.

Ei utfordring i verdsarvområdet er tilgangen på kvalifiserte handverkarar, som kan hjelpe eigarar av kulturminne med råd og rettleiing i samband med istandsetting, og til å gjennomføre prosjekt som har fått tilskot. For å gje eigarar av kulturminne i verdsarvområdet råd og rettleiing er det behov for tett oppfølging av de tekniske sidene ved istandsettinga. Nærøyfjorden Verdsarvpark ønskjer å opprette stilling som restaureringshandverkar og har sendt søknad til Riksantikvaren og Vestland fylkeskommune om delfinansiering.

Vurdering av innkomne søknadar

For 2020 har fylkeskommunen fått inn ti prosjekt, der alle søknadar til istandsetting av bygningar er knytt til bygningar som er omtalt eller prioritert i *Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden*. Desse prosjekta vil bidra til å oppfylle målsetjinga i restaureringsplanen om istandsetjing av dei verneverdige bygningane i verdsarvområdet.

Tre av prosjekta er knytt til istandsetting av stiar i verdsarvområdet, noko som vil vere med å gjere verdsarvområdet tilgjengeleg som turområde.

Nærøyfjorden Verdsarvpark har gjennom fleire år fått tilskot til delfinansiering av stillinga *Parkforvaltar - kulturminne og formidling*. Parkforvaltaren har gjort eit godt arbeid med å hjelpe fram istandsetjingsprosjekt i området og å hjelpe eigarar med søknadar om tilskot. Fylkesdirektøren vurderer det som viktig at det er ein person i nærområdet som kan hjelpe eigarar av verneverdige kulturminne med søknad om støtte til istandsetjingstiltak. I tillegg er det ynskjeleg at Verdsarvparken deltek i arbeidet med rulleringa av *Restaureringsplanen for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden*.

For nærare omtale og vurdering av prosjekta syner fylkesdirektøren til vedlegg 3.

Konklusjon

Fylkesdirektøren syner til drøftingane ovanfor og rår hovudutval for kultur, idrett og integrering til å gjere vedtak i tråd med framlegg.